



INDERØY KOMMUNE
7670 INDERØY

AREALDELEN

KOMMUNEPLAN 2007-2020



INNHALD

INNHALD.....	2
1. INNLEIING / STATUS.....	3
1.2. FOLKETALSUTVIKLING.....	3
1.3. NÆRINGSUTVIKLING.....	3
2. BAKGRUNNEN FOR PLANARBEIDET.....	3
2.1. STATUS FOR PLANEN I INDERØY.....	3
2.2. NASJONALE RETNINGSLINER.....	3
2.3. REGIONALE RETNINGSLINER.....	4
2.4. KOMMUNALE PLANER /DOKUMENTER.....	4
3. MÅLSETTING.....	4
5. TEMA / PROBLEMSTILLINGAR I PLANPROSESSEN.....	5
5.1. BUSTADBYGGING.....	5
5.2 NÆRINGSFORMÅL.....	5
5.3 KULTURLANDSKAP.....	5
5.4. HYTTE/FRITIDSBYGGING.....	6
5.5. FRILUFTSFORMÅL.....	6
5.6 FORUREINING.....	6
6. KARTBLADET.....	7
6.1. AKTUELLE KOMMUNEDELPLANAR.....	7
6.2. GJELDANDE REGULERINGSPLANAR 2006.....	7
6.3. OPPDELING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA § 20-4.....	8
6.3.1. Byggeområde, bustadbygging.....	8
6.3.2. Byggeområde for næring/ offentlege formål.....	8
6.3.3. Byggeområde for hytter/fritidsbustader:.....	9
6.3.4. Allmenntilgjælig formål/friområde.....	9
6.3.5. Landbruks-, natur- og friluftsområder. LNF- 1.ledd, nr 2.....	9
6.3.6. Spreidd bustadbygging.....	9
6.3.7. Spreidd næring.....	10
6.3.8. Råstoffutvinning, 1. ledd, nr. 3.....	10
6.3.9. Bandlagte områder, 1. ledd, nr. 4.....	11
6.3.10. Områder for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag, 1. ledd, nr. 5.....	11
6.3.11. Kommunikasjon 1.ledd, nr. 6.....	11
7. PLANBESTEMMINGER.....	13
8. RETNINGSLINER, UTFYLLING AV PLANBESTEMMINGENE.....	15
9. SAKSBEHANDLINGSREGLER.....	17
10. KONSEKVENSAV KOMMUNEPLANEN ETTER § 20- 6.....	17

1. INNLEIING / STATUS

Landskapet i Inderøy er ein mosaikk med ei blanding av dyrka jord og utmark. Ikkje noko av utmarka i Inderøy kan reknast som urørt. Det er landbruksdrift på store deler av areala ned mot sjøen og nær sentrumsområda.

Arealet i kommunen er til saman på 283.000 km² fordelt på 146.000 km² fastland og 137.000 km² sjø. Kystlinja er 111km.

Landbruksarealet er fordelt slik : (henta frå landbruksregisteret og NIJOS sine kartoppmålingar)

Jordbruksareal:	52000 dekar
Skog:	74000 dekar
Anna areal:	9000 dekar
Sum:	135000 dekar

1.2. Folketalsutvikling

Inderøy er den mest tettbygde kommunen i Nord-Trøndelag. Folketalet har vore svakt aukande. I 1989 var folketalet 5746, i 2005 var det 5919. Statistisk sentralbyrå sin framskriving mot 2020 viser eit venta folketal på 6442 personar.

1.3. Næringsutvikling

Når det gjeld sysselsetting, er landbruk framleis ei stor næring. Men den største er offentleg forvaltning og tenesteyting. Inderøy kommune blir meir og meir ein bustadkommune for folk som arbeider i andre kommunar på Innherad. Etter tal frå SSB, var dei yrkesaktive fordelt slik i 2002. Offentleg forvaltning og tenesteyting 41,6%, primærnæringar 18%, industri 13%, varehandel hotell/restaurant 10 %, bygg og anlegg 9%, transport 4,5 % og anna ca. 4 %.

I seinare år er det utvikla ein god del næringar innan kulturliv/reiseliv i kommunen og som tilleggsnæring i landbruket. Det er arbeidd ut ein eigen næringsplan i kommunen , vedteken i kommunestyret i 2005.

2. BAKGRUNNEN FOR PLANARBEIDET

2.1. Status for planen i Inderøy

Dagens kommuneplan for Inderøy gjeld for perioden 1999-2011. Det er arbeidd ut ny generell del som er vedteken i 2006. Innanfor arealdelen gjeld også kommunedelplan for sjø 2002-2011 vedteken i 2002. Kommunedelplan Straumen gjeld for perioden 2005-2011 og vart vedteken i 2005.

Når det gjeld kommunedelplan Røra, vart den vedteken i 1998 og blir revidert i løpet av 2007.

2.2. Nasjonale retningslinjer.

Plan og bygningslova gjev i § 20-1 grunnlaget for kommuneplanen. Arealplanen inngår i den langsiktige delen. Den skal ta utgangspunkt i overordna retningslinjer i kommunen og vera i tråd med nasjonale/regionale retningslinjer. Målet med planen er å få fram to viktige tilhøve:

- Arealet er ein avgrensa ressurs der vern om natur og biologiske ressursar skal takast vare på.
- Det skal leggjast til rette for levedyktige lokalsamfunn med eit livskraftig næringsliv.

- Frå 2005 er det innført i Plan og Bygningslova §33 at det skal utarbeidast planprogram for kommuneplanen. Planprogrammet skal annonserast og sendast på offentleg høyring.
- Frå 2005 er det vedteke ei ny retningslinje som omhandlar støy i arealplanen. I planen er det lagt inn retningslinje som omhandlar støy.

2.3. Regionale retningslinjer.

Det er laga felles fylkesplan for Nord-Trøndelag, Sør Trøndelag og Trondheim for perioden 2005-2008. Planen inneheld mykje om verdiskaping og kreativitet gjennom utbygging av næringslivet . Bruk av areal er lite omtalt men ligg inne i strategiar under dei forskjellige tema i planen som

- Foreta arealdisponeringar som viser ein fornuftig balanse mellom bruk og vern i verneområda.
- Utvikle forvaltningsopplegg for kulturlandskapet i Trøndelag
- Verdiskaping skal tilfalla distrikta med disponering av areal og naturressursar.
- Auka rammer for å gjennomføra tiltak for trafikktryggleik.

2.4. Kommunale planer /dokumenter.

Dagens arealplan med gjeldande kommunedelplanar er nemnt under punkt 2.1. Kvar sektor har sine temaplanar som dei nyttar i det daglege arbeidet. Nokre av disse er behandla politisk som ein kommunedelplan. Planer som har hatt innverknad på arbeidet med arealplanen er:

- Handlingsplan for trafikksikring for 2006-2010
- Næringsplan for Inderøy kommune vedteken den 14.03.2005
- Miljøplan for Inderøy kommune 2003-2010
- Friluftskart over Inderøy med Volhaugen.
- Kommunedelplan: Biologisk mangfald i Inderøy , vedteken 2001. Kartet revidert i 2004.

3. MÅLSETTING

Den generelle delen set som visjon for kommunen: Inderøy-kultur og landbrukskommune- gjør det gode betre.

Arealdelen er tufta på overordna mål og målsetting i kommuneplanen. Dei overordna måla er sett slik at Inderøy kommune skal utvikla seg til ein ettertrakta, trygg og framtidretta stad å bu. I høyringsrunden ynskte rådet for funksjonshemma å ha med mål for tilrettelegging for funksjonshemma.

I kommuneplanens generelle del er det i punkt 3.4 lagt inn i følgjande retningslinjer:

- Kulturlandskapet skal vernast og utviklast på lang sikt
- Strandsona skal prioriterast for folk flest.
- Klart skilje mellom tettbygde og ubygd område.
- Medverka til å få ei bærekraftig landbruksnæring.
- Areal med formål utbygging skal ha ei høg utnyttingsgrad.

- Opptre smidig til næringsutvikling og tilleggsnæringar i landbruket.
- Grøne lunger i tettstadane.
- Byggeområda skal leggjast til rette for funksjonshemma.
- Gang/ sykkelvegar må byggjast ut i eksisterande og nye byggeområde.

4. PLANPROSESS

Komité Organisasjon vedtok i møte den 31.08.2005, sak 0051/05 oppstart med revidering av kommuneplanens arealdel. Den generelle delen starta opp tidlegare, men prosessen har delvis blitt kjørt parallelt. Planarbeidet er styrt av ei arbeidsgruppe samansett av tre politikarar (ordførar, varaordførar og leder for opposisjonsgruppa) og 4 frå administrasjonen (rådmann, skogbruks-/miljøkonsulent, byggesaksledar og planlegger som har vore saksbehandlar).

Arbeidet med planen og sjølve planprosessen kjem fram av saksframlegg og vedtak som vedlegg til planen.

Kommunen har fått ei rekke innspel som er omtalt i saksframlegget. I tillegg har det vore arrangert 4 grendemøte med varierende oppmøte der folk har kome med innspel og synspunkt til planarbeidet. Grendelaga på Utøy og Kjerkesvågen har engasjert seg sterkt med mange innspel.

I oppstartfasen har det vore møte mellom sektoretatane på fylket og arbeidsgruppa for å avklare planprogram med arealbruk i den nye kommuneplanen.

5. TEMA / PROBLEMSTILLINGAR I PLANPROSESSEN.

5.1. Bustadbygging.

Dagens busetjingsmønster er basis for å sikre livskraftige nærmiljø i alle skulekretsar. Spreidd bustadbygging er lov i visse avgrensa delar av kommunen slik som kart viser.

5.2 Næringsformål.

Arealplanen viser disponibelt areal. Større industriføretak bør leggjast i industriområde med god infrastruktur, og helst ikkje i nærleiken av bustadfelt, skuler o.l. . Planen har prøvd å få til ei fleksibel løysing gjennom ei planbestemming for tilleggsnæringar i LNF- områda. Det er avsett to områder for spreidd næring der det alt er etablert bedrifter. Ved større etableringar vil det bli sett krav om reguleringsplan.

5.3 Kulturlandskap.

Heile Inderøy er eit kulturlandskap. Det er fornminne spreidd over heile kommunen. Vi vil ta vare på kulturlandskap og naturressursar, og på byggeskikk og estetikk ved bustader og gardsanlegg. Kulturlandskapet er grunnlagt på samanhengande beiting og skjøtsel av areal , og det blir utbetalt årlege tilskott for å sikra slike tiltak i landbruket. Samiske kulturminne er ikkje vurdert i planen. Lov om kulturminne av 1978 vil difor gjelda i heile planområdet og alle tiltak må klarerast med Samisk kulturminneråd.

5.4. Hytte/fritidsbygging.

Inderøy kommune hadde i 1998 350 hytter. Arealplanen frå 1986 hadde forbod mot all hytte-/fritidsbygging. Planen vedteken i 2000 opnar for hyttebygging i eller nær eksisterande hyttefelt etter PBL § 20-4, 1. ledd som byggeområde, men tillet ikkje spreidd hyttebygging innan LNF- områda.

Ein av utfordringane i planprosessen har vore spørsmål om hyttebygging og bruk av strandsona. Det er kome inn mange innspel på hytter og mange enkelthytter. Dei sentrale føringane har hatt ei streng sone til tiltak innanfor 100-m belte, og det har vore vanskeleg å innfri ønska om hyttebygging. Mange av innspela ligg innanfor 100m belte og er difor utelukka frå planen. Unntaket er 3 hytter og brygge i Ulvingrenda som er tenkt til tilleggsnæring.

I planen er det framleis ikkje opna for spreidd fritidsbygging.

5.5. Friluftsmål.

Inderøy har lang strandsone, men det er tettbygd og stranda er ikkje tilgjengeleg overalt. Kommunen har i dag fem opparbeidde friområde: Sundssand, Haugen (Hjulstadholmen), Koabjørga, Stornesøra og Undersåker. Det kom inn forslag frå Nordøy grendelag på Folsand friområde, men etter ei samla vurdering er dette området ikkje eigna til offentleg friområde, men blir lagt inn som LNF-område med sterke friluftssinteresser. Reguleringsplanar må sikra friluftsområde for skuler/barnehagar og tettbygde områder.

I planen er Inderøy Skipark lagt ut som friområde. Arealet skal omfatta skileikområde, skiskytterarena, lysløype og klubbhus.

5.6 Forureining.

Inderøy kommune har gjennom mange år gjort ein aktiv innsats for minske forureining til bekker og vassdrag. I landbruket er det brukt mykje midlar både mot punktutslipp og forureining frå dyrka jord. Det blir betalt ut årlege tilskott til vårpløying.

I 2004 vart det laga eit forprosjekt med tittelen ”Vannundersøkelse av bekkene i nedslagsfeltet til indre del av Børgin”. Prøvene i prosjektet er noko betre enn i tidlegare granskingar av bekkene, men bekkene ber framleis preg av lite vassføring og høgt innhald av næringssalt. Bekkene og indre del av Børgin er framleis sårbare mot forureining, og Inderøy kommune set strenge krav til utslipp til disse vassdraga. Når det gjeld utslipp av kloakk, er det krav om reinsking av høg grad til alle bekker og Børgin. Dette inneber eit krav om infiltrasjon i grunnen eller eit reinseanlegg. Til fjordane elles er det tilstrekkeleg med tradisjonell kloakkløysing.

5.7 Beredskap.

Inderøy kommune har ein beredskapsplan (generell del) vedteken i 2005.

Det er arbeidd ut ein risiko og sårbarhetsanalyse for vassforsyning i 2003.

I tillegg er det under kap. 9 om saksbehandlingsreglar teke med krav om vurdering av tryggleik og beredskapsmessige konsekvensar i detaljplanar.

Det er også arbeidd ut ei retningslinje om støy i planen.

6. KARTBLADET.

6.1. Aktuelle kommunedelplanar.

Følgjande kommunedelplanar skal gjelda som delar av arealplanen:

Lokalitet:	Merknader
Kommunedelplan Straumen	Stadfesta: 14.02.96
Kommunedelplan Røra/Hylla	Under revidering
Kommunedelplan i Sjø	Stadfesta i 2002.

6.2. Gjeldande reguleringsplanar 2006.

Følgjande reguleringsplanar/bebyggelseplanar gjeld innanfor restarealet i arealplanen:

Eksisterande reguleringsplanar vil framleis gjelde innanfor kommuneplanen sin arealdel.

Lokalitet:	Stadfesta
Bernvågen	Bolighus, godkjent 28.06.00
Bosnes	Småbåthamn, godkjent 28.06.00
Ferstad	Bustadfelt, godkjent 29.09.95.
Gangstad I og II	Bustadfelt, godkjent 18.10.84 og 17.12.97.
Heggdal	Hytter, godkjent 19.11.02
Hogstad	Motorsportbane, godkjent 20.03.06
Hustadlandet	Bustadhus Godkjent 22.04.87
Jætåsen	Bustadfelt. Godkjent 10.09.73 og 19.02.85.
Kjerknesvågen	Fritidshus/bustadar, revidert og godkjent 27.06.2005
Kjerknesvågen, kaiområde	Båthamn, godkjent 15.04.98
Kjerknesvågen sentrum	Bustader/næring, godkjent 31.05.88
Kvamsholmen	Naust, godkjent 24.06.81
Langåsen	Bolig, godkjent 27.04.94
Letneslandet	Naturområde m/næring. Godkjent 22.06.94, reviderast
Norenget-Rostad	Bustadfelt Godkjent 29.01.95
Oksaal, Utøy	Råstoffutvinning, godkjent 17.11.99
Rottvold	Hytter. Godkjent 25.06.02
Skjelvågen	Naust, småbåtplassar, Revidert 18.10.04 og 1.02.05.
Skjemstadaunet	Bustader/fritidshus, revidert og godkjent 17.10.2005
Skjulsvian	Bustadfelt. Godkjent 12.03.97.
Småland	Bustadfelt 30.08.73 og 03.12.85
Solem	Bustad/næring, godkjent 10.12.03
Stornes	Friområde, godkjent 10.07.80

Stornes gnr. 195/1	Campingplass, godkjent 14.12.2005
Tømte	Næringsformål. Godkjent 03.07.96.
Undersåker	Friområde. Godkjent 24.08.77
Utøy industrifelt	Næringsformål. Godkjent 08.06.78 og 3.07.95.
Vangshylla	Småbåthamna, Godkjent 20.03.06
Vangshylla	Næringsformål med båthamn. Revidert 7.05.01
Aalberg nordre	Fritidshus, godkjent 28.05.02

6.3. Oppdeling etter Plan og bygningslova § 20-4 .

6.3.1. Byggeområde, bustadbygging

Lokalitet:	Tomter	Merknader
Flatåsmyra, Sakshaug	5	Feltet er ikkje regulert
Gangstad, Sandvolla	18	Feltet er regulert
Jætåsen, Utøy	6	Feltet er regulert
Kjerknesvågen sentrum, <i>nytt område</i>	10	Feltet blir regulert ved revidering av reguleringsplan- Kjerknesvågen
Langåsen, Sandvolla	17	Feltet er regulert
Lorås, Røra <i>nytt område</i>	9	Feltet er ikkje regulert
Manem, Sandvolla	10	Feltet er ikkje regulert
Norenget/Rostad, Utøy	8	feltet er regulert,
Røvika, Utøy <i>nytt område</i>	15	Feltet er ikkje regulert
Schulsvian, Sandvolla	11	Feltet er regulert
Skjelvan, Sandvolla	5	Feltet er ikkje regulert
Vikalandet , Sakshaug <i>nytt område</i>	2	Ingen plankrav
Sum bustadtomter	113	

I tillegg kjem regulerte bustadtomter i kommunedelplan Straumen og kommunedelplan Røra.

6.3.2. Byggeområde for næring/ offentlege formål.

Det er ingen nye områder for næring /offentlege formål i planen . I sentrum for Sandvolla og Kjerknesvågen er det reguleringsplanar med næringsformål. Offentlege område til kyrkjer og skuler er lagt inn i planen.

Lokalitet:	Areal i da	Merknader
Solemstunet	50	Næring/Bustad
Stornes Camping	40	Reguleringsplan godkjent
Industriområde, Utøy	15	Reguleringsplan godkjent
SUM	65 dekar	

6.3.3. Byggeområde for hytter/fritidsbustader.

Lokalitet:	Tal på hytter	Merknad
Alberg , Sandvollan	2	Ingen plankrav
Vangshylla , Utøy	2	Regulert, ikkje utbygd
Hembre og Vikan, Sandvollan , <i>nytt område</i>	10	Krav om bebyggelseplan
Kvamsholmen	4	Eldre hyttetomter,
Rossdalen, Sandvollan	2	Ingen plankrav.
Rotvold, Utøy	15	Regulert, ikkje utbygd
Ulvin, Utøy, <i>nytt område</i>	3	Ingen plankrav, næring
Ørdal , Utøy, <i>nytt område</i>	10+10	Krav bebyggelseplan, næring
Aalbergsjøen ,Sandvollan <i>nytt område</i>	2	Ingen plankrav
Sum hytter/fritidsbustader	60	

I tillegg er det vedteken bebyggelseplan for Skjemstad, Kjerkesvågen med 23 hytter og reguleringsplan for By/Vistvenen med 21 hyttetomter.

I planen er det forbod mot spreidd hyttebygging i LNF-områda.

6.3.4 Allmennytlig formål/friområde.

Lokalitet	Areal	Merknad
Kjerkesvågen ved Lyngstad	40 dekar	Arealet disponert av speidaren
Gran	15 dekar	Arealet disponert av Inderøy I.L.

6.3.5. Landbruks-, natur- og friluftsområder. LNF- 1.ledd, nr 2

Dyrka mark, skog og utmark er lagt ut til LNF- området i arealplanen. Planbestemmingar og retningsliner viser korleis spreidd bustadbygging/næring skal vurderast i LNF-områda.

Spreidd fritidsbygging er framleis ikkje lov.

6.3.6. Spreidd bustadbygging

Lokalitet:	Tal tomter	Merknader
Vangshylla , Utøy	5	
Utøy/ Norum, Ørdal, Klepp , Stokkane	5	
Utøy – Tømte Kvam	5	
Verdalsgrenda-Hastad	2	
Verstad-Skjemstad- Vist	4	
Høeslandet	2	
Kjerkesvågen –Oxaal	4	
Kjerkesvågen – Letnes	3	
Sandvo.(Tømtåsen- Hoel-	3	

Hommeldalen)		
Sandv.(Hjellan-Heggstad)	3	
Sandv. (Grønnesby)	3	
Kjerknesvågen, Området mellom Vågaveien, Kjelveikveien, Letnesveien, nytt område	5	
Utøy, Området mellom Utøyveien og Rostadveien, nytt område	5	
Sandv. (Gjørsv – Korsen)	1	
Sum tomter	50	

Når det gjeld LNF-områda elles, er det lagt inn retningslinjer for følgende områder:

Høesholmane, Sakshaug- LNF-område med viktige friluftsinnteresser

Folsanden, Kjerknesvågen- LNF- område med viktige friluftsinnteresser

6.3.7. Spreidd næring.

Lokalitet	Tal tomter	Merknader
Grandan	1	
Oksaal	2	
Sum tomter	3	

6.3.8. Råstoffutvinning, 1. ledd, nr. 3

Det er uttak av stein for knusing på Råstad på Sakshaug, Hall på Sakshaug og Stokkan på Utøya. I tillegg er det godkjent reguleringsplan for Oksaal på Utøy, men ikkje starta opp. Dersom desse områda skal utvidast, eller om det kjem nye områder for råstoffutvinning, skal det lagast reguleringsplanar.

Lokalitet	Areal	Merknad
Stokkan, Utøy	20 dekar	Omdisp. areal
Oksaal, Utøy	50 dekar	Reguleringsplan godkjent 2000.
Salberg, Røra	95 dekar	Reguleringsplan godkjent
Råstad, Sakshaug	30 dekar	Omdisp. areal
Sum areal	195 dekar	

6.3.9. Bandlagte områder, 1. ledd, nr. 4

Kommunen har i dag 10 bandlagte område, 5 naturreservat/viltområde og 5 friområde. I “Sjøfuglplanen for Nord-Trøndelag” er det verna 4 områder. Elles har kommunen mange fornminne som er verna gjennom kulturminnelova. I tillegg er drikkevasskjeldene Røflovatnet og Vådalsvatnet med nedslagsfelt bandlagt med klausular både for bruk av området og tekniske inngrep. (Nedslagsfeltet er skravert på kartet.)

Lokalitet:	Areal, daa	Verneform
Ørdalen, Utøy	350	Naturreservat
Høøya, Utøy	159	Naturreservat
Kvamsholman	65	Biotopvernområde
Stornesøra	105	Friområde
Haugen	53	Friområde
Undersåker	2	Friområde
Totalt areal	1310	

I tillegg er det friområde på Koa (kommunedelplan Røra) og Sundssand (Kommunedelplan Straumen). I kommunedelplan Straumen er Roelsøya naturreservat og Vikaleiret er fuglefredningområde.

6.3.10. Områder for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag, 1. ledd, nr. 5

Lokalitet:	Areal	Merknad
Ulvingrenda, nytt område	7 dekar	Molo med brygge (ca. 8 plasser)
Totalt areal	7 dekar	

Når det gjeld bruk av sjøområde, er dette regulert i kommunedelplan for sjø, godkjent 1.07.2002.

6.3.11. Kommunikasjon 1.ledd, nr. 6.

Statens Vegvesen har følgjande utbygging i sine prioriteringar:

Riksvegar:

I Nasjonal transportplan er det lagt inn eit tiltak i Inderøy kommune, og det er ny overgang /sikring ved Sakshaug barneskule.

Fylkesvegar:

Når det gjeld prioriterte tiltak på fylkesvegane er følgjande tiltak sett opp men ligg noko fram i tid:

- Gang/sykkelveg til Småland mot Stornes
- Opprusting av Flagveien.

Kommunevegar:

Inderøy kommune sette opp program over kommunale vegar som skulle rustast opp for perioden 1999-2005. Status for kommunale vegar er følgjande:

KV 60 Flatås- Hellan	Utført
KV 33 Næssberget	Utført
KV 27 Hastad-Tronstad	Utført
KV Kvam –Ulven	Delvis utført: Grøfting og grusing samt nokre tiltak
KV 26 Gruva Solhaugen	Noe grøfting og grusing utført
KV 26 Solhaugen-Ås	Noe grøfting og grusing utført
Vennalivegen	Ikkje utført
Vangslivegen	Ikkje utført
Helgesenbakken	Ikkje utført
KV 65 Grønnesby-Elgskinnprodukter	Ikkje utført
KV 63 til Hustad kyrkje	Noko grøfting og grusing utført.

Gang/sykkelvegar i kommunen:

I trafikksikringsplanen for trafikk som er vedteken i 2006, kom det inn følgjande innspel som er lagt inn i arealdelen:

- Gang/sykkelveg frå Småland mot Stornes.
- Gang/sykkelveg langs heile R.V. 755
- Gang/sykkelveg frå Sakshaug Barneskule – Verdalsgrenda
- Gang/sykkelveg frå Lyngstad barneskule til Oksål og Skjemstadaunet.

Kraftliner,overføringsliner.

Nord-Tøndelag E-verk har laga ei lokal energitredning 2005, der eksisterande straumnett er omtalt slik: Eksisterande infrastruktur for energitransport består i dag av 22kv fordelingsnett for elektrisk kraft. Pr i dag har nettet god kapasitet og NTE reknar med at dette nettet vil ha tilstrekkeleg kapasitet i åra fram mot 2020. NTE som netteigar, har i dag ingen konkrete planar for utviding av nettkapasiteten i Inderøy.

Alternativ varmekjelde er omtala i utredninga, og Straumen sentrum peiker seg ut for vurdering av alternative energikjelder/fjernvarme.

NTE si lokale energitredning og Miljøplan i Inderøy kommune har forslag til vidare arbeid.

- Vassbåren oppvarmingssystem ved nye bygg.
- Eldre oljekjelder blir erstatta med biobrensel, varmepumper og gasskjelar.
- Pelletsovnar og reinbrennande vedomnar kan erstatte parafin- og eldre vedomnar i bustadar.
- Forprosjekt for å prøve fjernvarmeanlegg for skule, samfunnshus og kulturhus.

7. PLANBESTEMMINGAR

Byggeområde : PBL § 20-4 1. ledd, nr. 1.

1-1	For byggeområde til bustadformål, skal det vera godkjent reguleringsplan. Når det gjeld 2 bustader på Vikalandet, blir det sett krav om bebyggelseplan. For nytt bustadområde på Kjerkesvågen skal det arbeidast ut reguleringsplan med rekkefølgebestemming. For nye hus på frådelt tomter blir utnyttingsgraden 26% BYA.
1-2	For hytteområde under punkt 6.3.3.blir det sett krav om bebyggelseplan dersom talet overstig 3 hytter innanfor eit område. Det kan byggjast hytter/uthus inntil eit samla T-BYA=80m ² . I tillegg kan det byggjast uoverbygd anlegg og parkering inntil T-BYA=20m ² . Hyttene kan ha ei gesimshøgde inntil 3,5m og mønehøgde inntil 5,5m.
1-3	Endring av bygningar og anlegg i eksisterande byggeområde skal samsvara med god byggeskikk og vere tilpassa kulturlandskapet i området.
1-4	Fortetting i eksisterande byggeområde er lov. Ved frådelling og nybygg innan eksisterande byggeområde, skal det leggjast vekt på at nye bygningar er tilpassa resten av bygningsmassen/nabohus. Dette gjeld bygningsvolum, høgde, takform og materialbruk.
1-5	For areal avsett til friområde på Gran, kan det utførast faste installasjonar for skiskytingsbane og klubbhus.

Landbruks-, natur-, og friluftsområde (LNF-område) PBL § 20-4, 1 ledd, nr 2.Spreidd bustadbygging /næring/ fritidsbygg.

2-1	Det er forbod mot all bygg- og anleggsverksemd som ikkje er stadbunden. Det kan utførast bruksendring av eksisterande driftsbygningar i LNF-området med formål tilleggsnæringar. Dette gjeld ikkje enkeltstående bygg i 100 meters-belte langs sjø. Endringa må ikkje føra til ulempe for drifta på bruket.
2-2	Det er lov med vedlikehald og mindre vesentlege endringar/utviding av eksisterande bustadhus/fritidshus innanfor LNF-området. Tilbygg for bustadhus kan vera inntil T-BYA = 50m ² .

	Det kan byggjast hytter/uthus inntil eit samla T-BYA=80m ² . I tillegg kan det byggjast uoverbygd anlegg og parkering inntil T-BYA= 20m ² . Hytter kan ha ei gesimshøgde inntil 3,5m og mønehøgde inntil 5,5m.																																																
2-3	<p>I LNF-områda er det avmerka på kart område for spreidd busetnad. Ved nybygg på 3 nye bustader som blir sett opp samtidig og ligg naturleg saman med avstand på 100m, skal det leggjast fram bebyggelseplan.</p> <p>Tomter som blir lagt ut til spreidd busetnad, kan vera inntil 2 dekar.</p> <p>Bustadane skal vera tilpassa kulturlandskapet med høgde og bygningsvolum tilpassa nærliggjande bygningsmasse. Ved søknad etter PBL §93 skal det leggjast ved ei estetisk skildring som syner korleis tiltaket er tilpassa eksisterande tilhøve.</p> <p>Følgjande område er lagt ut for spreidd bustadbygging:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Lokalitet:</th> <th>Tal tomter</th> <th>Merknader</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Vangshylla , Utøy</td> <td>5</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Utøy/ Norum, Ørdal, Klepp , Stokkane</td> <td>5</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Utøy – Tømte Kvam</td> <td>5</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Verdalsgrenda-Hastad</td> <td>2</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Verstad-Skjemstad- Vist</td> <td>4</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Kjerknesvågen –Oxaal</td> <td>4</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Kjerknesvågen – Letnes</td> <td>3</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sandvo.(Tømtåsen- Hoel-Hommeldalen)</td> <td>3</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sandv.(Hjellan-Heggstad)</td> <td>3</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sandv. (Grønnesby)</td> <td>3</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Kjerknesvågen, Området mellom Vågaveien, Kjelvikeien, Letnesveien, <i>nytt område</i></td> <td>5</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Utøy, Området mellom Utøyveien og Rostadveien, <i>nytt område</i></td> <td>5</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Høeslandet</td> <td>2</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sandv. (Gjørsv – Korsen)</td> <td>1</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sum tomter</td> <td>50</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Lokalitet:	Tal tomter	Merknader	Vangshylla , Utøy	5		Utøy/ Norum, Ørdal, Klepp , Stokkane	5		Utøy – Tømte Kvam	5		Verdalsgrenda-Hastad	2		Verstad-Skjemstad- Vist	4		Kjerknesvågen –Oxaal	4		Kjerknesvågen – Letnes	3		Sandvo.(Tømtåsen- Hoel-Hommeldalen)	3		Sandv.(Hjellan-Heggstad)	3		Sandv. (Grønnesby)	3		Kjerknesvågen, Området mellom Vågaveien, Kjelvikeien, Letnesveien, <i>nytt område</i>	5		Utøy, Området mellom Utøyveien og Rostadveien, <i>nytt område</i>	5		Høeslandet	2		Sandv. (Gjørsv – Korsen)	1		Sum tomter	50	
Lokalitet:	Tal tomter	Merknader																																															
Vangshylla , Utøy	5																																																
Utøy/ Norum, Ørdal, Klepp , Stokkane	5																																																
Utøy – Tømte Kvam	5																																																
Verdalsgrenda-Hastad	2																																																
Verstad-Skjemstad- Vist	4																																																
Kjerknesvågen –Oxaal	4																																																
Kjerknesvågen – Letnes	3																																																
Sandvo.(Tømtåsen- Hoel-Hommeldalen)	3																																																
Sandv.(Hjellan-Heggstad)	3																																																
Sandv. (Grønnesby)	3																																																
Kjerknesvågen, Området mellom Vågaveien, Kjelvikeien, Letnesveien, <i>nytt område</i>	5																																																
Utøy, Området mellom Utøyveien og Rostadveien, <i>nytt område</i>	5																																																
Høeslandet	2																																																
Sandv. (Gjørsv – Korsen)	1																																																
Sum tomter	50																																																
2-4	Det er ikkje lov med bustadbygging eller næring på dyrka jord eller høgbonitet skog. Frådeling av tomter må ikkje føra til driftsmessige eller miljømessige ulemper for landbruket.																																																
2-5	Veg til nye bustader bør plasserast inn på eksisterande avkjørsler. Avkjørsel inn på offentlig veg skal samsvara med rammeplan for avkjørsel.																																																
2-6.	<p>Det er lov med spreidd næring i område vist på plankartet.</p> <p>Følgjande område er lagt ut for spreidd næring:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Lokalitet</th> <th>Tal tomter</th> <th>Merknader</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Grandan</td> <td>1</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Oksaal</td> <td>2</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sum tomter</td> <td>3</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Lokalitet	Tal tomter	Merknader	Grandan	1		Oksaal	2		Sum tomter	3																																					
Lokalitet	Tal tomter	Merknader																																															
Grandan	1																																																
Oksaal	2																																																
Sum tomter	3																																																
2-7	Det er ikkje lov med spreidd fritidsbygging innanfor LNF-området.																																																

Råstoffutvinning, § 20-4, 1. ledd, nr. 3.

For utviding av eksisterande område for råstoff, skal det arbeidast ut reguleringsplan.

Viktig ledd i kommunikasjonssystemet, § 20-4, 1. ledd nr. 6

Ved enkle tiltak som busslommer, utbetring av kryss med bebyggelseplan etter § 28-2. ledd, punkt g, kan det lagast bebyggelseplan. Dette gjeld på riks- og fylkesvegane.
--

8. RETNINGSLINER, UTFYLLING AV PLANBESTEMMINGANE**Byggeområda (PBL.§ 20-4 1.ledd nr. 1)**

1-1	Byggeområda skal plasserast slik at dei ikkje verkar dominerande eller skaper silhuettverknad i landskapet. Ved søknad etter PBL §93 skal det leggjast ved ei estetisk skildring av bygget.
1-2	Nærområdet må ha gode høve for fritidssysler og rekreasjon. Det må vera leikeplass for mindre born nær heimen. I reguleringsplanen på Lorås og i Røvika skal det vera bestemmingar om trygg skuleveg. I reguleringsplanen for Kjerknsvågen skal det lagast rekkefølgebestemming for bruk av dyrka jorda.
1-3	Byggeområda må ikkje hindra fri ferdsel langs sjøen.
1-4	Området må ha tilgang til reint drikkevatn. Behandling av avfall, gråvatn og kloakk skal følgja kommunen sin praksis og regelverk.
1-5	Ved etablering av byggeområda nær veg, jernbane og industri, må reguleringsplanen ha ei vurdering av tilrådde støygrensar.
1-6	Når det gjeld hytteområde med krav om bebyggelseplan, blir plankravet utløyst ved å byggja hytte nr.4. Det er ingen plankrav for dei områda som byggjer mindre enn 4 hytter.
1-7	Friområdet på Gran skal om vinteren nyttast til skileik, skiskyting og lysløype medan det skal vera vanleg landbruksdrift i vekstsesongen.

Landbruk, Natur og Friluftsområde LNF- områder (PBL § 20-4, 1. ledd nr. 2) Spreidd bustadbygging/næring.

2-1	Rydding og vedlikehald av påviste kulturminne er lov.
2-2	Nyetablering av bustadar/næring i LNF-områda, må ikkje koma i konflikt med

	viktige særlover og særinteresser som landbruk, friluftsliv, biologisk mangfold, kulturminne eller vassforsyning. Ved saker etter konsesjonslov, skal målsetting om busetting veie tungt.
2-3	Nye avkjørsler/ vegar skal ikkje gå over dyrka jord eller eksisterande tun.
2-4	Ved endring av eksisterande bygning skal nybygg/utbetring samsvara med god byggeskikk og vera tilpassa kulturlandskapet i området.
2-5	Nyetablering av hus må ha tilgang til reint drikkevatn. Behandling av avfall, gråvatn og kloakk skal følgja kommunen sin praksis og regelverk. Etablering av spreidd næring må ikkje skapa skjemma forureining som røyk, lukt og støy for bustadar i nærområdet. Større industribygg bør visast til eigne industriareal eller krav om eigen reguleringsplan.
2-6	Ved nyetablering av hus, skal plassering i landskapet vurderast ut frå temakart /registrering: 1. Kommunedelplan/temakart – biologisk mangfold/viltområde. 2. Registrerte/påviste kulturminne. 3. Farekart for kvikkleire- blir utarbeidd 2007.
2-7	Driftsbygningar i landbruket som er nytta i tilleggsnæring, skal ikkje frådelast eigedommen. Bruk av eksisterande hus kan behandlast friare enn nye bygg når det tiltak i forhold til Landbruk Pluss.
2-8	Framtidig hyttebygging skal helst vera fortetting i eksisterande felt eller i tilknytning til eksisterande hytter.

Råstoffutvinning (PBL § 20-4, 1. ledd punkt 3)

3-1	Reguleringsplanen for råstoffutvinning skal innehalda: <ul style="list-style-type: none"> • Driftsplan for gjennomføring av uttaket • Sikring av området. • Plan for utforming av arealet etter ferdig uttak og kva formål arealet er tenkt til.
3-2	Det skal setjast av pengar i eit bunde fond i kommunen for attendeføring av området etter ferdig bruk. (Jordlova §1 og skoglova §50)
3-3	For område til råstoffutvinning må arealet ikkje delast frå eigedommen under driftsperioden (Jordlova §12.)
3-4	For steinuttak utan reguleringsplan, skal arealet planerast/sikrast etter ferdig uttak.

Bandlagte områder (Pbl § 20-4, 1. ledd punkt 4)

4-1	For bandlagt område er det vernebestemmingane i særlov som gjeld. Evt. tiltak i slike områder må vurderast av kommunen i samråd med sektorinteressene.
4-2	Bandlagt områder etter Lov om naturvern av 19.juni 1970: <ul style="list-style-type: none"> • Barskogvernområdet i Ørdalen. • I sjøfuglplanen for Nord-Trøndelag er følgjande område verna: Høya naturreservat med 50 m sjøgrense rundt, Roelsøya naturreservat med 50 m sjøgrense rundt og Vikaleiret fuglefredingsområdet etter Lov om naturvern.

4-3	Bandlagt områder etter Lov om viltet av 29.mai 1981: I sjøfuglplanen for Nord- Trøndelag er Kvamsholman biotopvernområde verna med 50 m sjøgrense etter Lov om viltet.
4-4	Bandlagt områder etter Lov om friluftsliv av 28.juni 1957 (Friluftsløven) <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen har fem friluftsområde som er bandlagt etter friluftsløven . • Staten eig Stornesøra på Sandvollan, Koa på Røra, Haugen og Undersåker på Utøy. • Kommunen eig Sundssand friområde.
4-5	Lov om kulturminne av 9. juni 1978: Kommunen har og registrerte kulturminne som er verna etter lov om kulturminne.

Områder for særskild bruk eller vern av sjø eller vassdrag (PBL § 20-4.1. ledd ,punkt 5)

I PBL. § 20-4-5 er ingen planbestemmingar, men det kan knytast retningsliner til områda:

5-1	Våtmarksarealet langs område for viktig sjøfugl må ikkje drenerast eller fyllast opp.
5-2	Forbod mot bygg og anlegg i 100-metersbelte mot sjø skal handhevast strengt. Det same gjeld i 50- metersbelte mot ferskvatn.

Kommunikasjon (PBL §20-4, punkt 6)

6-1	Rammeplan for avkjørsler blir lagt til grunn ved planlegging og saksbehandling.
6-2	Kommunen bør oppmuntra til felles avkjørsler der det er naturleg.

9. SAKSBEHANDLINGSREGLER.

1. Alle planer og utbyggingstiltak samt alle søknader om bustadbygging skal sendast på høyring til kulturminneforvaltninga. Dersom det er konflikt med kulturminne, må tiltaket plasserast på alternativ område eller bli nekta.
2. For einkilde tiltak er det nok med bebyggelseplan. Slike planer skal leggjast ut til offentleg ettersyn, og sendast på avgrensa høyring.
3. På område som krev reguleringsplan eller bebyggelseplan, skal det gjennomførast analyse for risiko og ulempe med tiltaket. Dette skal visa at arealdisponeringa er trygg og ikkje medfører kritiske konsekvensar. (Risiko og sårbarhetsanalyse)

10. KONSEKVENSAV AV KOMMUNEPLANEN ETTER § 20- 6.

1. Arealplanen med bestemmingar skal virka frå den dato kommunestyret har godkjent planen.

2. Planutvalet i kommunen kan gje dispensasjon frå arealdelen når særskilde grunnar taler for dette, og sektoretatane godkjenner dispensasjonen.
3. Ved bandlegging av areal etter særlov, §20-4, 1. ledd nr. 4, er verknaden av arealdelen avgrensa til 4 år frå vedtak. Departementet kan gje ytterleg 2 år etter søknad.
4. Kommunedelplanar nemnt under punkt 5.1 skal gjelde med godkjent arealplan.
5. Reguleringsplanar under punkt 5.2. skal framleis gjelde med godkjent arealplan.
Reguleringsplanar som ikkje gjeld lenger, blir oppheva med eige vedtak i kommunestyret.